



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 15. desember 2018

Ha-Plan AS

OPPSTART AV REGULERINGSARBEID – KJEMPETEIGEN HYTTEFELT

Viser til dykkar oppstartmelding 9.11.2018

Sidan planområdet ikkje er avsett til hytteføremål i kommuneplanen, må ein gå ut frå at det ikkje er gjort særleg mykje undersøkingar av naturen i området frå før. Så langt vi kan sjå av flyfoto av området, kan arealet bestå av kystlynghei.

Vi er kjent med at det har vore kartlegging av kystlynghei i Midsund kommune for få år sidan. Vi har grunn til å tru at arealet i planområdet ikkje er vurdert den gongen. Manglande naturtypelokalitetar og artsregistreringar kan skuldast at det ikkje er noko av interesse, eller at det ikkje er gjort registreringar. Vi har grunn til å tru at det ikkje er undersøkt av biolog.

Kystlynghei av ein viss kvalitet er utvald naturtype som har spesiell verdi og er underlagt eige regelverk. Det er viktig å få undersøkt om det er kystlynghei av verdi A eller B i planområdet og området rundt.

Vi krev difor at området blir undersøkt av biolog, så ein kan fastslå om det er kystlynghei eller andre verdifulle naturtypar i området, og få dette kartlagd i tilstrekkeleg grad.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreogromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr